



Temahefte Kalveoppdrett i storfekjøttproduksjonen



Kalveoppdrett i storfekjøtproduksjonen

Mål med oppdrettet av kalv

Ein frisk og triveleg kalv i god vekst som utviklar seg til ein stabil drøvtyggar.

Planlegg bruken av kalven tidlig

Bestem brukten av kalven i løpet av 2-3 veker etter fødsel. Tilgang på kalv, grovfôr og plass vil avgjera driftsopplegget i kjøtproduksjonen. Aktuelt bruk kan vera: kvigekalv til rekrytering, sal av fôringsskalv, okse- eller kvigekalv til slakt som Kvalitetskalv (må ha eigen avtale) eller oksekalv eller kvigekalv til ordinære slakt ved 15-20 månaders alder. For enkelte med god tilgang på plass, grovfôr og beite kan kastrering av oksekallane vera aktuelt.

Økologisk kalv

Oppdrett av økologisk kalv krev økologiske førmiddel. Kalven skal suga mora i minimum tre døgn og ha tilgang på heilmjølk fra spene eller smokk fram til tre månaders alder. Det skal ikkje brukast mjølkestatning til kalv. Minst 60 % av føret på tørrstoffbasis skal vera grovfôr. God kvalitet på grovfôret er viktig.

Bruk brystmål eller vekt for å kontrollera tilveksten

Tilveksten hos kalv er det mest robuste målet på korleis ein lukkast med kalveoppdrettet. Friske kalvar med nok plass veks etter den næringa dei får. For å sjå om kalven veks slik som ein har planlagt, er det svært viktig å vega eller brystmåla kalven me jamne mellomrom. Kalv som skal på beite bør vegast både før og etter beiteslepp. Legg gjerne vektreferanser inn i Kukontrollen eller Storfekjøtkontrollen for å få fram nyttelege vekstkurver i buskapen.

Eksempel på brystmål og vekt for NRF (Tine Rådgiving, 2016)

| Alder, veker | Oksekalvar | | Kvigekalvar | |
|--------------|--------------|----------|--------------|----------|
| | Brystmål, cm | Vekt, kg | Brystmål, cm | Vekt, kg |
| Fødsel | 74-75 | 40 | 73-74 | 39 |
| 2 | 81-82 | 51 | 80-81 | 50 |
| 4 | 87-88 | 63 | 86-87 | 61 |
| 6 | 92-93 | 75 | 91-92 | 72 |
| 8 | 97-98 | 86 | 95-96 | 81 |
| 10 | 100-101 | 95 | 98-99 | 90 |
| 12 | 104-105 | 108 | 100-101 | 101 |
| 13 | 106-107 | 116 | 104-105 | 107 |

Stell og oppstalling

Kalven skal ha ein tørr, lun og varmeisolerande liggeplass der fleire kalvar kan ha plass saman. Unngå trekk, men frisk luft må kalven ha. Temperaturen i rommet er mindre viktig. Grupper på inntil 6-8 jamstore kalvar er gunstig. Alle dyra må lett få tilgang til vatn og tørt fôr (grovfôr og kraftfôr). Kalven er god til å visa signal på trivsel. Sjå på blikk, kroppsspråk, hårlag og gjødselskonsistens før kvar føring. Set inn tiltak så snart du ser symptom på sjukdom eller skade. Kalvar som har behov for det, må tas ut av fellesbinge og gis individuelt stell. God nok plass er nødvendig for at kalven skal trivast og veksa optimalt. Ein skal ha daglige rutinar for reinhald av bingar, krybber og mjølcefôringsutstyr. God hygiene er nødvendig for å unngå uheldige bakteriar og smittsamme sjukdommar.

Råmjølk så snart som råd etter fødsel

Kalven skal få råmjølk så snart som råd etter fødsel, gjerne etter appetitt fra speneflaske den første dagen. Helst bør kalven suga i seg råmjølk i ein mengde av 8,5 % av levande vekt ved første tildeiling. Kvaliteten på råmjølka skal vera god med minst 50 g Ig G per liter. Kontrollér kvaliteten på råmjølka ved hjelp av kolostrometer. Ein bør forsikra seg at kalven tek opp minst 150 ml råmjølk per kg levende vekt det første døgnet. Ha gjerne ekstra råmjølk nedfrosne i tilfelle det oppstår problem. Blir kalven sett til å suge mora, må ein forsikra seg om at den slepp til og at kua gir skikkelig ned. Dette forholdet bør ein være særleg merksam på hos kviger. Alt etter få timer er evna til å absorbera immunstoff frå råmjølka via tarmveggen til lymfe og blodet redusert. Etter to døgn er denne evna heilt borte. Men råmjølk har god verknad lokalt i tarmen. Ved tining av råmjølk bør ikkje temperaturen overstiga 42° C.

Kalvehelsa må tas alvorleg

Luftvegssjukdom, magesjuke og leddbetennelse er vanlige sjukdommar hos kalv. Det er lettare å førebyggja sjukdom enn å behandla. Tidleg tiltak mot sjukdom og skade er gunstig både for dyret og økonomien i produksjonen. Sjølv om kalven har diarré, har han behov for næring. Gi vanleg mjølkerasjon men fordelt på fleire mål. I tillegg skal kalven ha elektrolyttvæske for å halda oppe væskebalansen gjerne skilt frå mjølcefôringa. På grunn av væsketapet har kalvar med magesjuke behov for meir væske enn friske kalvar. Varer magesjuken meir enn 2-3 dagar, eller om kalven er svak, skal dyrlege kontaktast. God ventilasjon og lågt smittepris kan redusera problem med hoste. Jodsprit på navlen ved fødsel og reint og rikeleg strø i bingen kan redusera problem med leddverk.

Fôring av kalv

Råmjølk og heilmjølk frå ku er det naturlege føret til spedkalvar. Bruk av mjølkestatning er eit økonomisk og praktisk spørsmål, men kalven treng ikkje dette føret. Råmjølk i tre til fem dagar er eit absolutt minimum. Når ein reknar på produksjonskostnadene til mjølk, vil heilmjølk ofte bli rimelegare enn mjølkestatning. Bruk gjerne bakteriologisk syrna råmjølk og heilmjølk. Kalvar som ikkje går og ammar mor si, bør få mjølk frå speneflaske eller automat med smokk. Di eldre kalven er, di friare står ein til å velja førmiddel etter tilgang og pris. Kvaliteten på føret må vera tilpassa alderen på kalven. Det er gunstig for føropptaket at kalven får velberga og tidleg slått høy dei første vekene, seinare gjerne grassurfôr. God kvalitet på grovfôret er viktigare enn haustemåten. Alle kalvane i bingen må ha tilgang til alle førmiddel samtidig eller ha fri tilgang for eksempel på kraftfôr. God hygiene er eit absolutt krav til alt kalvefôr. Dette gjeld både mjølk, kraftfôr og grovfôr. Alle kalvar skal ha tilgang på reint og frisk vatn frå første leveveke. Dette er særleg viktig etter nokre veker når mjølcefôret bli trappa ned, og kalven får tørt fôr. Kalven kan avvennast frå mjølk når han dagleg et 1 kg kraftfôr. Bruk gjerne kalvekraftfôr dei 3-4 første månadene. For eldre kalvar blir oftast førstyrken bestemt av mengda kraftfôr i rasjonen. Ved eit intensivt følingsopplegg med slaktemogne dyr på 14-15 månaders alder, bør tilveksten hos oksekalvar vera ca. 900 g/dag i kalveperioden frå fødsel til 6 månaders alder. Både kraftfôr og grovfôr i rasjonen er med og utviklar drøvtyggarfunksjonen hos kalven. Tidleg tilgang på desse førmidla er derfor viktig.

Energi og proteinbehov til kalv (Hansen m.fl., Utredning nr. 127, 2011. Høgskolen i Nord-Trøndelag).

| Vekt Kg | Tilvekst g/d | Nettoenergi behov Fem/d | Nettoenergi behov MJ/d | Omsettelig energi * MJ/d | Proteinbehov g ford råprotein/d |
|------------|-----------------|-------------------------------|------------------------------|--------------------------------|------------------------------------|
| 40 | 400 | 1,27 | 9 | 11 | Dekkes av mjølk |
| | 600 | 1,57 | 11 | 14 | Dekkes av mjølk |
| | 800 | 1,87 | 13 | 16 | Dekkes av mjølk |
| 50 | 400 | 1,44 | 10 | 13 | 140 |
| | 600 | 1,79 | 12 | 16 | 184 |
| | 800 | 2,08 | 14 | 19 | 220 |
| | 1000 | 2,4 | 17 | 22 | 258 |
| 60 | 600 | 1,87 | 13 | 17 | 203 |
| | 800 | 2,19 | 15 | 21 | 242 |
| | 1000 | 2,51 | 17 | 24 | 283 |
| 70 | 600 | 2,05 | 14 | 19 | 222 |
| | 800 | 2,35 | 16 | 22 | 263 |
| | 1000 | 2,68 | 18 | 26 | 306 |
| 80 | 600 | 2,15 | 15 | 20 | 222 |
| | 800 | 2,49 | 17 | 24 | 265 |
| | 1000 | 2,83 | 20 | 28 | 280 |
| 100 | 600 | 2,42 | 17 | 23 | 242 |
| | 800 | 2,78 | 19 | 27 | 285 |
| | 1000 | 3,14 | 22 | 31 | 326 |

- NRC 2001.
- Det kan vera behov for ekstra energi til kalv som blir oppstalla i kalde omgivelsar.

Fôrplan til kalv

Ein fôrplan er ei rettesnor i fôringa. Når ein har bestemt bruken av kalven, har ein også bestemt behov for tilvekst som kalven skal ha før å oppnå måla.

Eksempel på fôrplan til oksekalv. Prisar frå august 2016

| Veke nr | Tilvekst g/dag | Vekt kg | Fôrrasjon i snitt for perioden rekna per dag | | | | | | | | | Sum FEm/dag |
|-----------------------|-------------------|---------|--|----------------------|----------------------|---------------------------|----------------------|---------------------|------------------------|---------------|-----|----------------|
| | | | Råmjølk l/dag * | Heilmjølk l/dag * | Mj. erst. l/dag * | Kalvekraft- fôr kg/dag | Kukraftfôr kg/dag | Høy TS kg/dag ** | Surfôr TS kg/dag ** | Vatn l/dag | | |
| 1 | 500 | 45 | 8 | | | - | | 0 | | | 0 | 2,11 |
| 2 | 600 | 49 | 8 | | | 0,1 | | 0 | | | 0 | 2,20 |
| 3 | 700 | 54 | 3 | 4 | | 0,2 | | 0,03 | | | 0 | 1,92 |
| 4 | 700 | 59 | | 6 | | 0,4 | | 0,05 | | | 0,5 | 1,79 |
| 5 | 800 | 64 | | 6 | | 0,5 | | 0,08 | | | 1,0 | 1,91 |
| 6 | 800 | 70 | | 6 | | 0,6 | | 0,15 | | | 2,0 | 2,07 |
| 7 | 800 | 75 | | 6 | | 0,7 | | 0,20 | | | 3,2 | 2,21 |
| 8 | 900 | 82 | | 6 | | 0,8 | | 0,30 | | | 4,0 | 2,39 |
| 9 | 800 | 87 | | 4 | | 1,0 | | 0,40 | | | 5,1 | 2,21 |
| 10 | 800 | 93 | | 2 | | 1,2 | | 0,50 | | | 6,2 | 2,03 |
| 11 | 800 | 98 | | | | 0,7 | 0,7 | 0,60 | 0,2 | 7,7 | | 2,01 |
| 12 | 900 | 105 | | | | 0,7 | 1,0 | 0,70 | 0,4 | 9,5 | | 2,55 |
| 13 | 1000 | 112 | | | | - | 2,0 | 0,70 | 0,5 | 10,8 | | 2,90 |
| Sum l, kg , FEm | | | 133 | 280 | 0 | 48,3 | 25,9 | 26,0 | 7,7 | 349 | | 198,0 |
| I % av totalrasjonen: | | | 17,7 | 32,1 | 0,0 | 23,4 | 12,3 | 11,2 | 3,3 | | | 100,0 |
| Pris per kg | | | 2,50 | 2,50 | 4,03 | 4,02 | 3,70 | 2,50 | 2,10 | | | |
| Sum pris, kr | | | 333 | 700 | 0 | 194 | 96 | 65 | 16 | | | 1404 |

* Maks 2,5 l mjølkefôr per porsjon, pris per liter ** Pris per FEm

Snitt tilvekst, g/dag 777



Innkjøpt kalv

Dersom produksjonen byggjer på innkjøp av kalv, må mottak og stell av kalven planleggjast godt. Kontinuitet i føringssopplegget krev kjennskap til den føringa kalven har fått før omsetting. Innkjøpte kalvar skal vera være avvendt fra mjølk minst to veker før omsetting, og dei skal eta minst 1 kg kraftfôr om dagen. Dette gjeld også kjøttfekalvar som har amma mora. Ved omsetting av spedkalvar skal dette gjennomførst som direkte avtale mellom seljar og kjøpar, og kalven skal ha mjølk i den nye buskapen han kjem til. Når kalvane kjem i nytt miljø, kan dei ha problem med å læra å ta til seg fôr og vatn. Følg nøyne med dei første dagane og sjå om kalven får i seg det den skal ha. Nortura har minimumsvekter (alder og vekt) for kalvar som kan omsettast.

Krav til Norturas Kvalitetstillegg for kalv mellom 11 – 26 vekers alder (mjølkerasar)

| Alder, veker | 11 | 15 | 18 | 22 | 26 |
|----------------|----|-----|-----|-----|-----|
| Vekt okse, kg | 87 | 117 | 141 | 176 | 211 |
| Vekt kvige, kg | 84 | 109 | 128 | 155 | 183 |

- Far til kalven skal vera seminokse. Fødselsdato og farnummer skal dokumenterast
- Kalven skal vera frisk og triveleg utan skadar, sjukdom eller lidinger og utan merke etter dette
- Kalven skal vera avvendt fra mjølk minst 1-2 veker før sal og vera godt tilvandt kraftfôr, grovfôr og vatn
- Kalven skal vera avhorna eller bekrefta kolla
- Kalven skal vera behandla mot indre og ytre snyltrarar etter behov
- Buskapen skal vera fri for smittsane sjukdommar
- Kalven skal leverast med eigenerkæring og helseattest når det er krav

Krav til Norturas Kvalitetstillegg for kjøttfekalvar

Minimumskrav til vekt ved ulik alder

| Alder i veker (dagar) | 7 (49) | 14 (98) | 22 (154) | 29 (203) | 36 (252) | 42 (294) |
|-----------------------|--------|---------|----------|----------|----------|----------|
| Lett rase okse | 82 | 128 | 181 | 228 | 274 | 314 |
| Tung rase okse | 93 | 146 | 207 | 260 | 318 | 368 |
| Lett rase kvige | 77 | 119 | 168 | 210 | 242 | 270 |
| Tung rase kvige | 87 | 135 | 191 | 239 | 276 | 307 |

Tung rase (eksempel): Charolais, Limousine, Simmental

Lett rase (eksempel): Hereford, Aberdeen Angus

Krav til kjøttfekalv:

- Kryssingsgrad min. 50 %
- Far skal være seminokse, stambokført eller ungdyrkåra kjøttfe. Avstamming skal dokumenterast.
- Kalven skal registrert i Kukontroll eller Storfekjøttskontroll
- Kalven skal vera avvandt fra mjølk 1 – 2 veker før sal.
- Kalven skal vera godt tilvandt grovfôr og kraftfôr.
- Alle offentlege krav og bestemmelsar gjeld også.

Det blir i tillegg utbetalt ulike kryssingstillegg for tung og lett rase avhengig av kjønn og kryssingsgrad.

Følg med på prisar og vilkår for omsetting av føringkalvar på heimesida til Nortura.



Konklusjon

Målet med kalvefôringa er å oppnå ei stabil drøvtyggar i jamm og god vekst. Friske kalvar med nok plass veks etter den næringa dei får. Bestem bruken av kalven tidleg. Ei god råmjølkforsyning sikrar tilvekst og helse til kalven den første tida. La kalven få tidleg tilgang på kraftfôr, grovfôr og friskt vatn. Følg med på tilvekst og helse hos kalven og juster føring og stell etter behov slik at kalven er klar for sal eller kan bli sett inn i eigen kjøtproduksjonen. Kalven er framtida i fjøset og er grunnlaget for å lukkast med oppdrett og kjøtproduksjon. Lykke til !

Temaheftet byggjer på tidlegare utgåver av temaark om kalv og er omarbeidt og oppdatert av Øystein Havrevoll, Team storfe i Nortura, august 2016.



tlf: 03070

medlem.nortura.no/storfe

 **Nortura**